

Møteprotokoll

FORMANNSKAP

Dato: 25.11.2021 kl. 08:00 – 09:00 og kl. 11:05 - 14:50

Stad: Åseral rådhus, Skoræ

Tilstades på møtet:

Medlemmar:

Inger Lise Lund Stulien
Gro Boge Aasheim
Jan Arild Bjørndal
Oddmund Ljosland
Jan Stangvik

Parti:

AP
H
AP
SP
KRF

Ordfører

Varaordfører

Varamedlemmar:

Ingen

Parti:

Forfall/Ikkje møtt:

Ingen

Parti:

Protokollfører:

Janne Thorsland Elvenes

Tilstades frå administrasjonen:

Kåre Einar Larsen	Kommunedirektør
Astrid Marie Engeli	Kommunalsjef
Rune Hole Nilsen	Økonomisjef
Svein Ove Nepstad	Rådgjevar
Kari Røynlid	Planleggjar
Randi Byremo	Friluftsmedarbeidar
Janne Thorsland Elvenes	Utvalssekretær

Merknader:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Orienteringar:

Kommunedirektøren orienterte om fylgjande:

Status i sak om eigedomsskatt og Kommuneplanen sin samfunnsdel v/Kåre Einar Larsen

Konsekvensar av Statnett III dommen i høve eigedomsskatt v/Svein Ove Nepstad

Status i kunstprosjektet på Ljosland v/Kari Røynlid

Godkjent av:

Inger Lise Lund Stulien

SAKSKART			Side
Referatsaker til orientering			
Saker til handsaming			
74/21	21/00664-16	Tildeling av tilskot til kulturarbeid for 2021	4
75/21	21/00294-2	Kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet, rullering handlingsprogram 2022-2025	5
76/21	21/00791-1	Handlings- og økonomiplan 2022 - 2025	8
Eventuelt			

Åseral, 25.11.2021

Inger Lise Lund Stulien
Ordfører

Referatsaker til orientering

Saknr	Arkivsak	Tittel
R 29/21	20/01002-127	Protokoll FORMANNSKAP 11.11.2021

Ingen merknader.

Saker til handsaming

74/21 Tildeling av tilskot til kulturarbeid for 2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 FORMANNSKAP	25.11.2021	74/21

Møtebehandling i FORMANNSKAP 25.11.2021:

Møtebehandling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

FORMANNSKAPs vedtak

Formannskapet tildeler tilskot til kulturarbeid for 2021 som følgjer:

Søkjar	Medlemstal	Frammøte	Søknad	Tilskott
Åseral Folkeakademi	14	40	5000	5000
Lognavatn Sundagsskule	13	11	2000	2500
Lognavatn Barneforeining	13	11	2000	2500
Døladansen	16	17	2000	3000
One Eighty Betania	48	25	8000	3500
Junior Betania	22	20	4000	3000
Barnetreff Betania	26	24	4000	3500
Betania Sundagsskule	12	13	4000	2500
Kylland Bedehus	-	Nedstengt	5000	1000
Vårknoppen Barneforeining	20	20	3000	3000
Åseral Speidergruppe	25	-	5000	4500
Åseral Sogelag	58	11	8000	2500
Åseral Husflidslag	55	25	7000	3500
Åseral Idrettslag/Styrkerom	100	-	10000	0
Sum tilskot			69000	40000

Tilskotet vert å føre på budsjettpost 14707.150.3850.

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet tildeler tilskot til kulturarbeid for 2021 som følger:

Søkjjar	Medlemstal	Frammøte	Søknad	Tilskott
Åseral Folkeakademi	14	40	5000	5000
Lognavatn Sundagsskule	13	11	2000	2500
Lognavatn Barneforeining	13	11	2000	2500
Døladansen	16	17	2000	3000
One Eighty Betania	48	25	8000	3500
Junior Betania	22	20	4000	3000
Barnetreff Betania	26	24	4000	3500
Betania Sundagsskule	12	13	4000	2500
Kylland Bedehus	-	Nedstengt	5000	1000
Vårknoppen Barneforeining	20	20	3000	3000
Åseral Speidergruppe	25	-	5000	4500
Åseral Sogelag	58	11	8000	2500
Åseral Husflidslag	55	25	7000	3500
Åseral Idrettslag/Styrkerom	100	-	10000	0
Sum tilskot			69000	40000

Tilskotet vert å føre på budsjettpost 14707.150.3850.

75/21 Kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet, rullering handlingsprogram 2022-2025

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 UNGDOMSRÅD	22.11.2021	4/21
2 FELLESRÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	22.11.2021	5/21
3 HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅR	23.11.2021	16/21
4 HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING	24.11.2021	82/21
5 FORMANNSKAP	25.11.2021	75/21
6 KOMMUNESTYRE	09.12.2021	

Møtebehandling i FORMANNSKAP 25.11.2021:

Møtebehandling

Fellesframlegg:

Åseral kommune vedtek handlingsprogram for 2022-2025 slik det ligg føre men med følgjande endring:

Servicebygg i Bordalen blir prioritert i 2022 og naudsynt finansiering teke hand om i handlings- og økonomiplan for 2022 – 2025.

Votering

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

FORMANNSKAPs innstilling

Åseral kommune vedtek handlingsprogram for 2022-2025 slik det ligg føre men med følgjande endring:

Servicebygg i Bordalen blir prioritert i 2022 og naudsynt finansiering teke hand om i handlings- og økonomiplan for 2022 – 2025.

HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING har behandlet saken i møte 24.11.2021 sak 81/21

Møtebehandling

Fellesframlegg:

Som kommunedirektøren sitt framlegg, men med følgjande tillegg:

Det blir sett av midlar til å prioritere bygging av servicebygg i Bordalen i budsjett for 2022.

Framlegg frå Krf og Sp:

Tilskot til bustadbygging blir auka til kr 200 000.

Framlegg frå Høgre:

Tilskot til bustadbygging blir ståande på dagens nivå med kr 100 000.

Votering

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Krf og Sp fekk 3 røyster (O. Ljosland, L. Thorsland og V. Sandåker).

Framlegg frå Høgre fekk 2 røyster (L.R. Reiersdal og M. Uleberg).

HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLINGs innstilling

Som kommunedirektøren sitt framlegg, men med følgjande tillegg:

Det blir sett av midlar til å prioritere bygging av servicebygg i Bordalen i budsjett for 2022.

Tilskot til bustadbygging blir auka til kr 200 000.

HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅR har behandlet saken i møte 23.11.2021 sak 16/21

Møtebehandling

Habilitet:

Representanten Kari Røynlid (Sp) gjekk frå som ugild i medhald av forvaltningslovens § 6 1. ledd, bokstav E (leiar ÅIL). Det møtte ikkje vararepresentant.

Samrøystes vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling vert teken til etterretning med følgjande tilleggspunkt:

HOL ønskjer at Servicebygg m/toalett og tidtaker; knytta til friidrett og fotballanlegg Bordalen vert flytta frå 2023 til 2022 i planen.

HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅRs innstilling

Kommunedirektøren si innstilling vert teken til etterretning med følgjande tilleggspunkt:

HOL ønskjer at Servicebygg m/toalett og tidtaker; knytta til friidrett og fotballanlegg Bordalen vert flytta frå 2023 til 2022 i planen.

FELLESRÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE har behandlet saken i møte 22.11.2021 sak 5/21

Møtebehandling

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tek kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet, rullering handlingsprogram 2022 – 2025 til etterretning, men med følgjane tilleggspunkt:

- Me ønsker at kommunen ser på mulighet for å ruste opp/bygge ny hengebru over Logna-åna ved Austrudsmonen, i og med at bru over Monn blir skinlagt.

FELLESRÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNEs innstilling

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tek kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet, rullering handlingsprogram 2022 – 2025 til etterretning, men med følgjane tilleggspunkt:

- Me ønsker at kommunen ser på mulighet for å ruste opp/bygge ny hengebru over Logna-åna ved Austrudsmonen, i og med at bru over Monn blir skinlagt.

UNGDOMSRÅD har behandlet saken i møte 22.11.2021 sak 4/21

Møtebehandling

Fellesframlegg:

Servicebygg i Bordalen blir prioritert i 2022 og naudsynt finansiering teke hand om i handlings- og økonomiplan for 2022 -2025.

Votering

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke

UNGDOMSRÅDs innstilling

Servicebygg i Bordalen blir prioritert i 2022 og naudsynt finansiering teke hand om i handlings- og økonomiplan for 2022 -2025.

Kommunedirektøren si innstilling:

Åseral kommune vedtek handlingsprogram for 2022-2025 slik det ligg føre.

76/21 Handlings- og økonomiplan 2022 - 2025

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 ADMINISTRASJONSUTVAL	11.11.2021	1/21
2 FORMANNSKAP	11.11.2021	73/21
3 UNGDOMSRÅD	22.11.2021	3/21
4 HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅR	23.11.2021	17/21
5 HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING	24.11.2021	81/21
6 FELLESRÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	22.11.2021	4/21
7 ADMINISTRASJONSUTVAL	25.11.2021	2/21
8 FORMANNSKAP	25.11.2021	76/21
9 KOMMUNESTYRE	09.12.2021	

Møtebehandling i FORMANNSKAP 25.11.2021:

Møtebehandling

Kommunedirektøren orienterte om at det er ei endring på side 13 «Meklarpakke». Dette punktet blir erstatta med følgjande tekst:

e-Torg tenestar	2020	2021
Meklarpakke standard*	1 280,00	1 280,00
Meklarpakke ubygd tomt*	576,00	576,00
Arealplan(vektordata)	Modell	Modell
Basiskart(vektordata)	Modell	Modell
Opplysningar om tilkomst til eigedomen*	100,00	100,00
Eigedomsinformasjon*	140,00	140,00
Opplysningar om ferdigattest/mellombels bruksløyve*	100,00	100,00
Flaum- og støysoner*	100,00	100,00
Flybilderapport*	100,00	100,00
Gjeldande arealplaner med føresegner og plananalyse*	220,00	220,00
Kopi av godkjente bygningsteikningar*	400,00	400,00
Grunnkart*	140,00	140,00
Opplysningar om kommunale avgifter og gebyr*	140,00	140,00
Kulturminnerapport*	140,00	140,00
Leidningskart*	100,00	100,00
Legalpant/utestående fordringar*	100,00	100,00
Nabovarsel*	300,00	300,00
Områdeanalyse*	300,00	300,00
Opplysningar om pipe/eldstad*	100,00	100,00
Situasjonskartpakke Åseral kommune*	800,00	800,00
Opplysningar om tilkopling til offentleg vatn og avløp*	96,00	96,00
Opplysningar til bruk ved mindre tiltak*	160,00	160,00

*I tillegg kjem pris for eksterne formidlingstenester (f.eks Infoland og e-Torg) samt meirverdiavgift.

Fellesframlegg:

Kommunedirektøren si innstilling vert teken til etterretning med følgjande tilleggspunkt:

17. Servicebygg i Bordalen blir prioritert i 2022 og vert finansiert ved overføring av kr 1.240.000,- frå drift til investering ved å redusere avsetning til driftsfond.
18. Ungdomsrådet får auka ramme i 2022, kr. 30.000,-.
Planområde 190 får tilført kr. 10.000,-.
Endringa vert finansiert ved å redusere avsetning til driftsfond.
19. Enkel skulefrukost 2 til 3 dagar i veka blir teken inn i budsjettet for 2022. Skulen administrerar dette tiltaket innafor ei ramme på kr 100.000,-.
Endringa vert finansiert ved å redusere avsetning til driftsfond.
20. Det skal utarbeidast ein arbeidsgjevarstrategi for Åseral kommune.

Framlegg frå Krf og Sp:

Tilskot til bustadbygging blir auka til kr 200 000.

Tidlegare ordning for kommunalt utdanningsstipend vert teken inn i budsjettet.

Framlegg frå Ap:

Eigenandel ved ekstern finansiering prosjekt i kulturminneplan vert ikkje auka for ramma Service Reiseliv og kultur (planområde 150).

Votering

Pkt. 1 – 16 vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegg pkt. 17 – 20 vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Krf og Sp fekk to røyster (O. Ljosland og J. Stangvik).

Tre røysta mot (I.L.L. Stulien, G.B. Aasheim og J.A. Bjørndal).

Framlegg frå Ap fekk to røyster (I.L.L. Stulien og J.A. Bjørndal).

Tre røysta mot (O. Ljosland, J. Stangvik og G.B. Aasheim)

FORMANNSKAPs innstilling

1. *Framlegg til handlings- og økonomiplan 2022–2025 blir vedteken i medhald av kommunelova § 14-3. Framlegget er bindande for drifts- og investeringsrammer i 2022 og blir vedteke som budsjett for 2022, jamfør kommunelova § 14-5.*
2. *For åra etter er framlegget retningsgjevande for den vidare planlegginga.*
3. *Kommunestyret vedtek avgifter og gebyr for 2022 slik dei går fram av framlegg til prisliste.*

4. *Kommunestyret vedtek som berande prinsipp at det også innanfor byggesak skal arbeidast mot 100 % sjølvkost på lik linje med områda feiing, vatn, avløp og oppmåling.*
5. *Kommunestyret vedtar følgjande måltal for perioden:*
 - a) *Netto driftsresultat på minimum 3 % av driftsinntektene*
 - b) *Frie disposisjonsfond på minimum 20 % av driftsinntektene*
 - c) *Lånegjeld på maksimum 70 % av driftsinntektene*
6. *Skatt på eiga og inntekt blir skriven ut på grunnlag av fastsett maksimalsats for 2022.*
7. *For eigeomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigeomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jfr. Eigeomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd, bokstav c.*
8. *For eigeomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigeomsskatt på et «særskilt fastsett grunnlag» i medhald av overgangsregelen til eigeomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 være lik 5/7 av differansen mellom eigeomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettelsesregler og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigeom.*
9. *For eigeomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eigeomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigeom, så langt disse var omfatta av eigeomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigeomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.*
10. *Den alminnelege eigeomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.*
11. *Takstvedtektene for eigeomsskatt i Åseral kommune vedteken i kommunestyret sak 4/2013 skal gjelde for eigeomsskatteåret 2022, jf. esktl. § 10.*
12. *Eigeomsskatten blir skriven ut i to terminar, Jf. esktl. § 25 første ledd. Første termin er 1. april, andre termin er 1. oktober.*
13. *Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll og tilsyn med ei ramme på kr 781 500.*
14. *Kommunestyret vedtek å ta opp kr. 1 000 000 i lån i startlån for 2022. Kommunedirektøren har fullmakt til å signere lånedokument.*
15. *Kommunedirektøren, og dei som er delegert budsjettmynde, må sjå til at budsjetterte beløp til dei ulike føremåla strekk til, jamfør kommunelova § 14-5. Av omsyn til likviditeten har dei budsjettansvarlege plikt til å fordele utgiftene jamt utover i året.*
16. *Kommunestyret gjev kommunedirektøren mandat til å vidareføre effektiviseringsarbeidet med ein organisasjonsgjennomgang for Åseral kommune, jf. sak 81/20 i KST.*
17. *Servicebygg i Bordalen blir prioritert i 2022 og vert finansiert ved overføring av kr 1.240.000,- frå drift til investering ved å redusere avsetting til driftsfond.*

18. Ungdomsrådet får auka ramme i 2022, kr. 30.000,-.
Planområde 190 får tilført kr. 10.000,-.
Endringa vert finansiert ved å redusere avsetting til driftsfond.
19. Enkel skulefrukost 2 til 3 dagar i veka blir teken inn i budsjettet for 2022. Skulen administrerer dette tiltaket innafor ei ramme på kr 100.000,-.
Endringa vert finansiert ved å redusere avsetting til driftsfond.
20. Det skal utarbeidast ein arbeidsgjevarstrategi for Åseral kommune.

Møtebehandling i HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING 24.11.2021:

Møtebehandling

Fellesframlegg:

Som kommunedirektøren sitt framlegg, men med følgjande tillegg:

Det blir sett av midlar til å prioritere bygging av servicebygg i Bordalen i budsjett for 2022.

Framlegg frå Krf og Sp:

Tilskot til bustadbygging blir auka til kr 200 000.

Framlegg frå Høgre:

Tilskot til bustadbygging blir ståande på dagens nivå med kr 100 000.

Votering

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Krf og Sp fekk 3 røyster (O. Ljosland, L. Thorsland og V. Sandåker).

Framlegg frå Høgre fekk 2 røyster (L.R. Reiersdal og M. Uleberg).

HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLINGs innstilling

Som kommunedirektøren sitt framlegg, men med følgjande tillegg:

Det blir sett av midlar til å prioritere bygging av servicebygg i Bordalen i budsjett for 2022.

Tilskot til bustadbygging blir auka til kr 200 000.

FELLESRÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE har behandlet saken i møte 22.11.2021 sak 4/21

Møtebehandling

Samrøystes vedtak:

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tek handlings- og økonomiplanen til etterretning, men med følgjene tilleggspunkt:

- Hjertestartere må vera tilgjengelige heile døgnet på Kylland, Logna og i sentrum. Desse må registrerast, og nokon i kommunen må ha ansvar for å bekrefte desse kvart halvår.
- Informasjonsskilt ved Hylen badeplass om tilgjengelig hjertestarter på rådhuset

FELLESRÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNEs innstilling

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tek handlings- og økonomiplanen til etterretning, men med følgjene tilleggspunkt:

- Hjertestartere må vera tilgjengelige heile døgnet på Kylland, Logna og i sentrum. Desse må registrerast, og nokon i kommunen må ha ansvar for å bekrefte desse kvart halvår.
- Informasjonsskilt ved Hylen badeplass om tilgjengelig hjertestarter på rådhuset

HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅR har behandlet saken i møte 23.11.2021 sak 17/21

Møtebehandling

Uttale frå samarbeidsutvalet i barnehagen 11.11.2021 vart lagt fram i møtet:

Frå møterefateratet – sak 2:

Uttale til økonomiplan for perioden 2022-2025, og budsjett for 2022:

Samarbeidsutvalet tek handlings og økonomiplan med budsjetttramme til etterretning.

Samrøystes vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling vert teken til etterretning med følgjande tilleggspunkt:

HOL ønskjer at enkel skulefrukost 2 til 3 dagar i veka blir teken inn i budsjettet for 2022. Skulen administrerar dette tiltaket.

HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG LEVEKÅRs innstilling

Kommunedirektøren si innstilling vert teken til etterretning med følgjande tilleggspunkt:

HOL ønskjer at enkel skulefrukost 2 til 3 dagar i veka blir teken inn i budsjettet for 2022. Skulen administrerar dette tiltaket.

UNGDOMSRÅD har behandlet saken i møte 22.11.2021 sak 3/21

Møtebehandling

Framlegg:

Susanne Emilie Jakobsen:

Som kommunedirektøren si innstilling, men med følgjande tilleggspunkt:

Ettersom vi ikkje har tilgang til detaljbudsjett vil vi poengtere at det er viktig at ikkje budsjettet til ungdomsrådet blir redusert for 2022. Pandemi og nedstenging har gjort at det har vore lite aktivitet dei siste 2 åra. Dette vil ungdomsrådet gjere noko med i 2022.

Fellesframlegg:

Det blir sett av midlar til å prioritere bygging av servicebygg i Bordalen i budsjett for 2022.

Votering

Framlegg frå Susanne Emilie Jakobsen vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

UNGDOMSRÅDs innstilling

Som kommunedirektøren si innstilling men med fylgjande tillegg:

Ettersom vi ikkje har tilgang til detaljbudsjett vil vi poengtere at det er viktig at ikkje budsjettet til ungdomsrådet blir redusert for 2022. Pandemi og nedstenging har gjort at det har vore lite aktivitet dei siste 2 åra. Dette vil ungdomsrådet gjere noko med i 2022.

Det blir sett av midlar til å prioritere bygging av servicebygg i Bordalen i budsjett for 2022.

FORMANNSKAP har behandlet saken i møte 11.11.2021 sak 73/21

Møtebehandling

Framlegg:

Ordførar Inger Lise Lund Stulien (Ap):

Saka vert utsett til neste møte.

Votering

Framlegg frå ordførar Inger Lise Lund Stulien (Ap) vart samrøystes vedteke.

FORMANNSKAPs innstilling

Saka vert utsett til neste møte.

ADMINISTRASJONSUTVAL har behandlet saken i møte 11.11.2021 sak 1/21

Møtebehandling

Framlegg:

Ordførar Inger Lise Lund Stulien:

Saka vert utsett til neste møte.

Votering

Framlegg frå ordførar Inger Lise Lund Stulien vart samrøystes vedteke.

ADMINISTRASJONSUTVALs innstilling

Saka vert utsett til neste møte.

Kommunedirektøren si innstilling:

- 1. Framlegg til handlings- og økonomiplan 2022–2025 blir vedteken i medhald av kommunelova § 14-3. Framlegget er bindande for drifts- og investeringsrammer i 2022 og blir vedteke som budsjett for 2022, jamfør kommunelova § 14-5.*
- 2. For åra etter er framlegget retningsgjevande for den vidare planlegginga.*
- 3. Kommunestyret vedtek avgifter og gebyr for 2022 slik dei går fram av framlegg til prislister.*
- 4. Kommunestyret vedtek som berande prinsipp at det også innanfor byggesak skal arbeidast mot 100 % sjølvkost på lik linje med områda feiing, vatn, avløp og oppmåling.*
- 5. Kommunestyret vedtar følgjande måltal for perioden:*
 - a) Netto driftsresultat på minimum 3 % av driftsinntektene*
 - b) Frie disposisjonsfond på minimum 20 % av driftsinntektene*
 - c) Lånegjeld på maksimum 70 % av driftsinntektene*
- 6. Skatt på eiga og inntekt blir skriven ut på grunnlag av fastsett maksimalsats for 2022.*
- 7. For eigeomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigeomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jfr. Eigeomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd, bokstav c.*
- 8. For eigeomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigeomsskatt på et «særskilt fastsett grunnlag» i medhald av overgangsregelen til eigeomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 være lik 5/7 av differansen mellom eigeomsskattegrunnlaget i*

2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettelsesregler og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom.

9. For eigeomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eigeomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom, så langt disse var omfatta av eigeomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigeomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
10. Den alminnelege eigeomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.
11. Takstvedtektene for eigeomsskatt i Åseral kommune vedteken i kommunestyret sak 4/2013 skal gjelde for eigeomsskatteåret 2022, jf. esktl. § 10.
12. Eigeomsskatten blir skriven ut i to terminar, jf. esktl. § 25 første ledd. Første termin er 1. april, andre termin er 1. oktober.
13. Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll og tilsyn med ei ramme på kr 781 500.
14. Kommunestyret vedtek å ta opp kr. 1 000 000 i lån i startlån for 2022. Rådmannen har fullmakt til å signere lånedokument.
15. Kommunedirektøren, og dei som er delegert budsjettmynde, må sjå til at budsjetterte beløp til dei ulike føremåla strekk til, jamfør kommunelova § 14-5. Av omsyn til likviditeten har dei budsjettansvarlege plikt til å fordele utgiftene jamt utover i året.
16. Kommunestyret gjev rådmannen mandat til å vidareføre effektiviseringsarbeidet med ein organisasjonsgjennomgang for Åseral kommune, jf. sak 81/20 i KST.

Eventuelt

Ordførar orienterte:

- Møte i Setesdal IPR vedk. handlingsplan, Eikerapen Gjestegard.
- Datasenter på Austrudsmonen.
- Politisk involvering samfunnsdelen av kommuneplanen.
- Dagsturhytte.

Kommunedirektør orienterte om interkommunalt samarbeid IKT.